



# KFUM Volda Volleyball

Årsmelding for 2021

Til Årsmøtet 03. mars 2022

## Aktivitetar

Året 2021 vart avslutta med 201 medlemmer (!), fordelt på 12 grupper. I gruppa for trenarar og støtteapparat har vi ca. 30 personar. Året har vore prega av korona, men vi har vore heldige og fått trene litt gjennom heile året. Gruppa som har fått trene minst er dei over 20 år.

2021 vart eit svært amputert år grunna covid-19 pandemien, og det var berre U17-NM som var gjennomført, der stilte jentene frå Volda og enda opp med ei flott sølvmedalje. Av turneringar har det vorte planlagt fleire turneringar som ikkje har vorte gjennomført grunna pandemi-restriksjonar. Eliteturneringa fekk vi gjennomført, og denne gangen i ny hall, det vart svært godt mottatt.

På Årneset var det, også grunna pandemirestriksjonar, berre trening og interne turneringar. Vi hadde ei samling, Sandasol, der to stk frå forbundet kom og var trenar/inspirator.

## Oversikt over laga i KFUM Volda Volleyball:

Lag	Årstal	Ca. Tal på spelarar	Trenarar	Oppmann
Elitelaget – dame	-2006	14	Vladislav Todorov og Rune Bernås	Liv Kristin Øvereng
JU17/2.divisjon – damer	-2005	Ca. 25	Rune Bernås, Vilde Sofie Sleire og Ingrid Redse-Mjaaseth	
GU19/2.divisjon – herrer	-2006	12		Hildegunn Homberset/ Sissel Andersen
GU15/17	2006-2007	15	Camilla og Bernt Homberset, Leif Røv	Hanne Harnes
JU15	2006-2007	Ca.12	Camilla Homberset	Irene Krumsvik, Rune Aarflot
GU13	2009	15	Torstein Rotevatn	Kirsti Straume
Mini 2	2010	Ca. 10	Nancy Ann Eide Brattli, Bodil Helle, Pål Are Eikrem, Henning Helle	Elin Høydal Vatne
Mini 1	2012-2014	Ca. 20	Siri Stranden	Anders Nupen
Veteran dame		Ca. 5-10	Usikkert antall da det har vore lite mulighet for trening for dei over 20 år	Marie Homberset
Veteran herre		Ca. 5-10		Gaute Gaudestad
Diamantvolleyball		10 + ledsagar	Sol Idland, Trine Bernås	Sol Idland, Trine Bernås
Smashing Friday			Ådne Festøy	Hildegunn Homberset

## Styret i klubben

Styreverv*	I perioden:
Leiar	Kristin Indresøvdde
Nestleiar	Nancy Ann Eide Brattli
Kasserar	Oddny Nupen Aarflot
Styremedlem	Marit Gjethammer
Styremedlem	Vigleik Hustadnes

\*Support til styret: Irene Krumsvik (Sponsor-/ barneidrettsansvarleg)

Vi har hatt styremøte jamt gjennom året, nokre fysisk og nokre på Teams (grunna covid).



# KFUM Volda Volleyball

Årsmelding for 2021

Til Årsmøtet 03. mars 2022

Andre verv	Namn
Valnemnd	Irene Krumsvik, Jan Olav Brænde og Nancy Ann Brattli
Kontrollkomiteen	Kristian Kolnes og Eiliv Halkjelsvik
Styret i Volda Campus Arena AS (VCA)	Lilli Brenne Røv
Brukargruppa til Volda Campus Sparebank1 Arena	Bernt Humberset
NVBF Møre og Romsdal	Ingen

## Rekruttering

I 2021 har vi hatt jamt tilsig av nye medlemmar, vi arrangerte også volleyballskule i haustferien. Det var svært kjekt å få dette til på trass av mange restriksjonar.

## Sportsleg suksess!

Vi kvalifiserte fleire lag til deltaking i NM, men det vart berre NM U17 som vart gjennomført. Andre turneringar gjennom året vart amputert og det er dermed vanskeleg å seie korleis vi ligg an på tabellen.

Mizunoligadamene kom på ein 4. plass på tabellen, men grunna covid-19 vart sluttspillet som skulle vere den helga landet vart stengt ned att ikkje gjennomført.

I 2021 har fleire spelarar frå klubben vore med på landslagssamlingar. I juni var heile 7 jenter frå KFUM Volda Volleyball på samling i Myre; Hedda Øvereng, Nora Øvereng, Runa Vik-Arset, Ingrid Bernås, Ingrid Simonsen, Kirsti Brattli og Solveig Sunde. Fleire spelarar frå klubben har vore uttekne på regionslag for Møre & Romsdal, og på Volda VGS. sine lag for kvalifisering til NM vidaregåande skular (gutelaget kvalifiserte seg til NM).

## Økonomi

Klubben har framleis god økonomi og er ein likvid klubb med solid eigenkapital. Vi har eit godt overskot for 2021, som vil sikre at vi klarer den auka husleiga og ev. uventa ekstra utgifter. Vi fekk i 2021 ein god del gåvemidlar til utviding av anlegget på Årneset, i tillegg til meir koronastøtte enn budsjettet. Samtidig har også kioskinntektene auka vesentleg frå 2020, men er framleis ikkje på same nivå som før pandemien. Det vart også jobba godt med salsdugadar i 2021, noko som også gav meir inntekter enn budsjettet.

I samarbeid med Volda handballklubb, Volda E-sport og Sunnmørsk klatreklubb arrangerte vi også Sommarskule i 2021. Denne vart finansiert av midlar frå Utdanningsdirektoratet via Volda kommune. Dette gav både pengar i kassa, og eit positivt tiltak for unge i klubben som fekk jobbe som instruktørar for barn og unge i Volda. Eliteturneringa har også kome på eit nivå som gir klubben gode inntekter.

Grunna covid-pandemien har utgifter til reise og deltakaravgift på turneringar og NM vorte vesentleg redusert, i tillegg har klubben aktivt søkt koronastøtte for tapt inntekt knytt til avlyste arrangement og mindreinntekter grunna restriksjonar på tal publikum.

 <b>KFUM Volda Volleyball</b>	<b>Årsmelding for 2021</b>
	<b>Til Årsmøtet 03. mars 2022</b>

Dei auka inntektene og mindreforbruk har vore med på å sikre eit godt overskot for KFUM Volda Volleyball i 2021.

Noko som er bekymringsverdig er at sponsorinntektene til klubben går ned. Dette er ei fast inntekt som det bør jobbast meir med å sikre, men klubben treng då dedikerte personar til jobbe med dette.

Kasserar og leiar har arbeidd mykje med å innarbeide nye rutinar som på sikt skal forenkle økonomiarbeidet og forbetre økonomirapporteringa frå 2022. Dette er til dømes innføring av prosjektrekneskap og meir automatisering av diverse arbeidsflytar kring økonomiarbeidet.

Arbeidsforholdet til Maria Todorova vart avslutta i 2021, då prosjektet «Volleyball i skulen» ikkje kunne vidareførast grunna situasjonen med covid.

Klubben har ingen tilsette, men den administrative arbeidsmengda aukar i takt med aktiviteten i klubben og auka krav til klubben på forskjellige område som økonomi, arrangement og rapportering kring medlemmer og krav frå organisasjonar klubben er tilknytt, og det offentlege.

Sponsorane våre i 2021 var SpareBank 1 Søre Sunnmøre, Brændes rørleggerforretning, Apotek1, Tømrer Service As, Tussa, Idrett uten Alkohol, Furene, BI Eigedom, Gillen Kompetanse, Hageland Tilseth og Brunvoll.

## **Elitehelg**

Vi arrangerte Sparebank1 Eliteturnering også i 2021 trass covid-restriksjonar. Turneringa vart gjennomført for femte gong, denne gongen endeleg i Volda Campus Sparebank1 Arena. Laga som deltok på damesida var KFUM Volda Volleyball, NTNUI, Topp Volley Norge, Juniorlandslaget, Førde og TIF Viking. På herresida: deltok Koll, Viking, Førde, NTNUI og Juniorlandslaget.

I år som sist hadde NVBF lagt dommarsamling til turneringa. Det vart også bankett med middag på hotellet i Ørsta.

Mange av laga i klubben deltok for å gjere dette til ein suksess, vi takkar alle for innsatsen. I samanheng med turneringa arrangerte også klubben samling for Juniorlandslaga i hallen. Laga overnatta i gymsalane, hadde måltida på Vip'en, og deltok på treningar i lag med aldersbestemte lag til stor begeistring.

## **Arbeidet i styret og organisering av klubben**

Klubben har eit styre på fem personar, dette er ein hensiktsmessig størrelse i forhold til klubben sin størrelse. Styret ynskjer å vidareføre arbeidet med undergrupper til styret for å fordele arbeidsmengda på fleire, grunna pandemien har vi ikkje fått desse gruppene opp å gå, men håper at dette kjem seg i åra som kjem. Styret må jobbe med å kommunisere tydlegare med gruppene framover og kva som er forventa.

Arbeidet i styret har dette året mykje gått med til å handtere pandemien og tilpasse seg regelverket som ein skal fylgje, etter kvart som reglane endra seg.

 <b>KFUM Volda Volleyball</b>	<b>Årsmelding for 2021</b>
	<b>Til Årsmøtet 03. mars 2022</b>

Klubben har også det siste året oppretta ulike forsikringar knytte til Yrkesskadeforsikring, Kriminalforsikring, Innboforsikring, dette vil sikre klubben på fleire område dersom uhellet skal vere ute.

Styret har også fornya sertifiseringa som Rent Idrettslag i 2021.

To av styremedlemmane står på val, og valnemnda har derfor jobba med å skaffe nye medlemmar til styret. Dei har gått breitt ut og kontakta alle gruppene i klubben.

Kontrollkomiteen har hatt revisjon av styret sitt arbeid i 2021.

### **Kompetanseheving**

Fleire i klubben har teke kurs i år, både på administrasjon, dommarkompetanse og trenarkompetanse. Kursa har vore gjennomført via Teams. Eit dommarkurs med instruktør Rune Bernås vart gjennomført lokalt i 2021 for dei yngre spelarane. Ein kveld med kampsjemarkurs har også vorte gjennomført for dei yngre spelarane.

### **Utviding på Årneset**

Sommaren 2021 fekk vi glede oss over at vi har tre baner på Årneset, vi har sett av midlar til spenstreningsanlegg/tribuneanlegg, dette må vi sjå på om vi får bygt i 2022/2023. For å fullfinansiere dette må også klubben utarbeide ein søknad om tippemidlar.

### **Auka volleyballaktivitet**

Smashing Friday har vorte starta opp igjen i 2021, dette er eit flott tiltak der Ådne Festøy er trenar og Hildegunn Homberset er med som ansvarleg vaksen.

Vi har også starta Para-/Diamantvolleyball, som er ei flott satsing for dei med psykisk utviklingshemming. Her gjekk vi frå to frammøtte, til ein fast gjeng på 10-12 spelarar med ledsagarar (dvs. ca. 20-24 deltakarar på trening).

Klubben hadde ein stor auke i minispelarar i haust, og vi måtte til slutt dele desse inn i fleire grupper og på fleire salar, noko som kravde fleire instruktørar og endringar i treningstider for andre lag for å få det til å gå opp. Nokre av dei som begynte fall frå då det vart for fullt på treningane i høve tal instruktørar og i høve plass å trene på.

### **Andre aktivitetar**

I 2021 kunne vi endeleg arrangere offisiell opning av Volda Campus Sparebank1 Arena 06.11.2021 med tilhøyrande konsert. Dette var eit stort dugnadsløft for klubben og det vart ei flott markering med «Elton John konsert» (alias Kjetil Grodås) og mange flott innslag av lokale artistar og VGS.

 <b>KFUM Volda Volleyball</b>	<b>Årsmelding for 2021</b>
	<b>Til Årsmøtet 03. mars 2022</b>

Vi er svært nøgde med ny hall, det er veldig kjekt å ha møterom og sosialt rom lett tilgjengeleg, i tillegg er det kjekt med eigen kiosk og god plass.

Vi held fram konseptet 1000-klubben, der vi har variantar frå 100 og oppover for å motivere spelarar til å strekke seg. Dette er et veldig bra motivasjonssystem.

*Kristin Indresøvdde*

For styret

Kristin Indresøvdde

leiar KFUM Volda Volleyball